



Møteprotokoll

Utval: Nærøyfjorden verneområdestyre

Møtestad: Quality hotell, Sogndal

Dato: 04.04.2024

Tidspunkt: 13:45 - 14:30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Kjell Bøe Bjørgum	Leiar	Aurland kommune
Marta Sofie Vange	Nestleiar	Vik kommune
Samson Hamre	Medlem	Voss herad

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Audun Mo	Medlem	Lærdal kommune
Marianne Nordhus	Medlem	Vestland fylkeskommune

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Frøydis Helland	Audun Mo	Lærdal kommune

Merknader:

Andre deltakarar:

- Kristoffer Ullern Hansen, SNO.

Andre frammøtte:

Namn	
Jorunn Vallestad	verneområdeforvaltar / sekretær
Anbjørg Nornes	verneområdeforvaltar / sekretær
Maria Baudonnel Underdal	verneområdeforvaltar / sekretær

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Kjell Bøe Bjørgum

Marta Sofie Vange

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 15/24	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 16/24	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 17/24	Orienteringar og referatsaker		
RS 7/24	Løyve - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Drægo til Hjølmo - motorferdsel vinterføre - transport av utstyr - Dyrdal fjordarv		2023/3038
RS 8/24	Løyve - delegert sak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Fjellheimen - motorferdsel, lågtflyging - villreinteljing - villreinutvalet		2024/3701
RS 9/24	Klage på vedtak - Avslag på midlar til tiltak i Nordheimsdalen naturreservat - Aurland Fjellstyre		2023/17301
ST 18/24	Nærøyfjorden verneområdestyre - delegering av vedtaksmynde til forvaltarane		2024/4359

ST 15/24 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 04.04.2024

Handsaming i møte

Innkallinga vart godkjent.

Vedtak

Godkjend innkalling og dagsorden.

ST 16/24 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 04.04.2024

Handsaming i møte

Marta Sofie Vange vart valt til å skrive under protokoll saman med styreleiar.

Vedtak

Marta Sofie Vange skriv under møteprotokoll.

ST 17/24 Orienteringar og referatsaker

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 04.04.2024

Handsaming i møte

Styret diskuterte klaga frå Aurland Fjellstyre. Det var einigheit om å søkje om tilleggsløyving der det var mogeleg. Dersom det vert løyvd ekstra midlar, kan det nyttast midlar til delfinansiering av tiltak på stien i Galden i Nordheimsdalen. Ved behov kan diskusjonen takast opp att med styret eller styreleiar.

Det vert kultuminnedagar på Stalheim 10.-11. september. Ein tek sikte på å kombinere rådgjvande utval og styremøtet 10.september med dette arrangementet.

Vedtak

Referatsaker og delegerte saker vart tatt til orientering.

ST 18/24 Nærøyfjorden verneområdestyre - delegering av vedtaksmynde til forvaltarane

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 04.04.2024

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre delegerer vedtaksmynde til forvaltarane i dispensasjonssaker etter verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48.

Delegasjonen gjeld fylgjande sakstyper:

1. Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsreglane om ferdslø og motorferdslø i verneforskrifta punkt VI nr. 6
2. Saker etter dei andre spesifiserte dispensasjonsreglane i verneforskrifta og etter naturmangfaldlova § 48 der:
 - det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret, og føresetnadane er tilnærma uendra

- det føreligg etablert forvaltningspraksis frå saker handsama av styret i tilsvarande saker
 - forvaltningsplanen gjev eintydige føringar for utfallet
3. Vedtak i samråd med styreleiar når ei sak hastar på grunn av fare for skade eller annan negativ verknad på verneverdiane, t.d. stans av ulovlege forhold, pålegg om retting eller direkte gjennomføring.
 4. Handsame søknadar om å endre fristar fastsett av verneområdestyret, eller endre fristar på eige initiativ.
 5. Utsette klagefrist etter forvaltningslova § 29, fjerde ledd.
 6. Treffe avgjerd om utsett iverksetjing etter forvaltningslova § 42.
 7. Sende saker til Miljødirektoratet med tilråding om å ilegge overtredingsgebyr.

Delegasjonsvedtaket er gjort med heimel i punkt 6.3 i Vedtekter for nasjonalpark-/verneområdestyrer oppnemnt i medhald av naturmangfaldlova § 62, fastsett av Miljødirektoratet 19.01.2024.

Ved tvil skal forvaltar drøfte saka med styreleiar. Det skal kome fram av saksutgreiinga dersom forvaltaren treffer delegerte vedtak i saka. Alle delegerte vedtak skal refererast for styret. Klage på delegerte vedtak skal sendast til ny handsaming i styret.